



Saksbehandler: Stabsavdelinga/Tove Mette Arnø  
Fyllingen  
Vår referanse: 14/3270 - 16/9264 / FE - 033  
Dato: 06.04.2016

---

## Informasjon om val av meddommarar

Hei

Vi har mottatt Dykkar interesse for verv som meddommar.

Valnemnda i Lindås skal handsama sak om val av meddommarar i møte 19. april. Framlegget vert så lagt ut til offentleg ettersyn. I denne perioden vert listane og sendt til politiet for vandelskontroll.

Du vil få eit skriv der vi bed om opplysningar som skal vidare til domsstolane. Dette gjeld m.a. fødselsnummer, telefon, adresse, yrke, epost mm.

I domsstollova set ein krav til dei som kan veljast m.a.på grunn av stilling og vandel, meir informasjon om dette finn du her: <http://www.domstoladministrasjonen.no/no/Straffesak/Aktorene-i-retten/Lekdommer/>

Vi treng tilbakemelding så snart som råd om du ynskjer verv som meddommar i Nord- og Midthordland jordskifterett, Nordhordland tingrett eller Gulating lagmannsrett.

Val av meddommarane vert endeleg handsama i Lindås kommunestyre innan utgangen av juni. Valet gjeld for perioden 01.01.2017 – 31.12.2020

Med helsing

Tove Mette Fyllingen  
avdelingsleiar stab

